



**Saksframlegg**

Arkiv: L12  
Arkivsaksnr.: 2017/31  
Saksbehandlar: Jan Rune Jacobsen  
Dato: 30.01.2017

**Reguleringsplan Sess-setra - endring**

Utval	Møtedato	Utsalssak
Planutvalet	07.02.2017	19/2017

**Saksprotokoll i Planutvalet - 07.02.2017**

**Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av PBL § 12-8 at det kan settast i gang arbeid med privat regulering/reguleringsendring med formål fritidsbustader ved Sess-setra.

**Avrøysting:**

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøysta vedteke.

**Administrasjonssjefen si innstilling**

Planutvalet godkjenner i medhald av PBL § 12-8 at det kan settast i gang arbeid med privat regulering/reguleringsendring med formål fritidsbustader ved Sess-setra.

## SAKSUTGREIING:

### Bakgrunn:

Grunneigar Jørn Sætre på gnr. 8 bnr. 3 ønsker å styrke driftsgrunnlaget på garden ved å legge til rette for fleire fritidsbustader på sitt areal ved Sess-setra. I gjeldande plan for Daugstad- og Sess-setra (frå 1997) er det aktuelle arealet regulert til friluftsområde.

Planen frå 1997 viser m.a. 9 hytter lengst sør (opp) ved Sess-setra, men på dei 20 åra sidan planen vart vedtatt er det ikkje bygd hytter her. Årsaka kan ifølgje Sætre vere mangel på kjørbar tilkomst og at marknaden etter kvart har forventningar om høgare standard med tanke på elektrisitet, vatn og avløp.

Sætre ser for seg å kunne tilby hytter med full standard og ønsker å ta utgangspunkt i eksisterande veg til setra og føre denne vidare vestover.

### Vurdering:

Når forslagsstillar er ein annen enn planmyndigheita sjølv, skal planspørsmålet i følgje PBL §12-8 leggest fram for planmyndigheita i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet.

I tillegg til det Sætre sjølv skriv, kan det faktum at dei 9 eksisterande regulerte hyttetomtene ligg på felleseige gjere tomtene meir kompliserte å realisere.

Adm.sjefen har elles ingen merknader til at omsøkt reguleringsarbeid (-endring) blir sett i gang. Med tanke på heilheitleg vurdering av arealbruken i seterområdet (Sess-setra), gjer adm.sjefen merksam på at innspel i den vidare prosessen kan medføre at planavgrensinga må endrast.

Særutskrift til:  
Jørn Sætre

### Vedlegg:

- 1 Planer for regulering av hyttetomter ved Sess-setra - forespørsel
- 2 Situasjonsplan
- 3 Foreløpig svar - Hytter Sess-setra
- 4 Gjeldande reg.plan og føresegner